

Innkalling av Valstyret

Møtedato: 16.10.2023
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 09:00 - 09:30

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 90898072, sms til 90898072 eller per epost til anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Saksliste:

- 011/2023 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 012/2023 Godkjenning av møtebok
- 013/2023 Evaluering av gjennomføringa av kommune- og fylkestingsvalet 2023
- 014/2023 Referatsak

13. oktober 2023

Karstein Totland
møteleiar

Anne Kristin Rafoss
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		23/956

Saknr	Utval	Type	Dato
014/2023	Valstyret	PS	16.10.2023

Referatsak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		23/956

Saknr	Utval	Type	Dato
011/2023	Valstyret	PS	16.10.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		23/956

Saknr	Utval	Type	Dato
012/2023	Valstyret	PS	16.10.2023

Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-010	23/93

Saknr	Utval	Type	Dato
013/2023	Valstyret	PS	16.10.2023

Evaluering av gjennomføringa av kommune- og fylkestingsvalet 2023

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
TIL ORDFØREREN I MASFJORDEN OG FYLKESORDFØREREN I VESTLAND FYLKE. ANG. VALG	13.10.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Valstyret tar evalueringa av gjennomføringa av kommune- og fylkestingsvalet 2023 til orientering.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vart gjennomført kommune- og fylkestingval 11.sept. 2023

Fakta

I Masfjorden kommune stilte 5 parti liste ved kommunevalet:

- Arbeidarpartiet
- Framstegspartiet
- Høgre
- Senterpartiet
- Venstre

Det var til saman 563 personar som førehandsrøysta ved kommune- og fylkestingsvalet 2023.

Det var til saman 448 personar som røysta ved valtinga i kommunen.

Dette gjer ein oppmøteprosent på 77,59 % som er ein nedgang frå stortingsvalet 2021 der oppmøteprosenten var på 84,76 men ein auke frå kommune- og fylkestingsvalet 2019 der oppmøteprosenten var på 74,13.

Røystesetlane vart telt opp samla – og rapportert – i følgjande tellekategoriar:

- ordinære førehandsrøyster
- ordinære valtingsrøyster
- lagt til sine / seint innkomne

Vurdering

Førehandsrøysting:

Førehandsrøysting vart gjennomført som vedteke i valstyret i sak 005/2023

Tidlegrøysting:

På kommunehuset var det høve til å tidlegrøyste dei fleste arbeidsdagane frå 09:00 – 15:00 i perioden 3.juli – 9.aug. Det var opp under 10 personar som nytta seg av dette tilbodet noko som er ein auke frå tidlegare år.

Ordinær førehandsrøysting:

På kommunehuset var det høve til å førehandsrøyste kvar arbeidsdag frå 09:00 – 15:00 i perioden 10.aug til og med 8.sept Det var eit jamt og godt oppmøte i heile perioden.

Det var det same lokalet på kommunehuset som vart nytta til førehandsrøystelokalet i år som ved tidlegare val. Det er ein prosess på kommunehuset om å flytte kantina ned i dette lokalet. Dette kan vere noko av grunnen til at mange alt nyttar dette lokalet som kantine. Det var tidvis mykje støy og uro rundt førehandsrøystinga fordi mange hadde lunchpausen sin her samstundes som det kom veljarar og ville røyste. Sidan det er igangsett ein prosess på å flytte kantina må det tenkast nytt på kva som kan vere eit tenleg førehandsrøystingslokale i god tid før neste val.

Førehandsrøysting biblioteket på Matre

Det vart gjennomført førehandsrøysting på biblioteket på Matre 31.aug frå 13:00 – 18:30. På Matre var det to valmedarbeidarar tilstades. Det var godt oppmøte – omtrent som tidlegare år.

Valmedarbeidarane vart – etter at tre - fire veljarar hadde røysta - gjort merksam på at det ikkje låg setlar til Senterpartiet for fylkestingvalet i røystekassetten. Dette vart umiddelbart retta ved at ein tok nokre aktuelle setlar frå stemmeseddelssetta og la i aktuell hylle, fylte opp med setlar som vert nytta i tidlegrøysteperioden (der ein berre kan røyste på parti og ikkje gje personstemmer) og informerte alle veljarar om situasjonen. Ein tilsett fann aktuelle setlar på kommunehuset og reiste til Matre med desse. Ei full bunke med senterpartisetlar til fylkestingvalet var på plass i stemmeavlukka innan ein time etter at feilen vart oppdaga. Det synes klart at dette er ein menneskeleg feil av valmedareidarane som skuldast ein svært krevjande arbeidssituasjon på kommunehuset denne hausten med fleire sjukemeldingar og nye arbeidsoppgåver noko som førte til at valmedarbeidarane ikkje fekk god nok tid og ro til å planlegge valgjenomføringa. Før neste val, må det leggest ein samla arbeidsplan for valmedarbeidarane på kommunehuset slik at det vert ein større ro over planlegginga og at pakking av materiell før førehandsrøysting andre stader enn på kommunehuset kan gjerast utan avbrot.

Førehandsrøysting biblioteket på Hosteland

Det vart gjennomført førehandsrøysting på biblioteket på Hosteland 5.sept 13:00 – 19:00. Ut frå erfaringa frå tidlegare år var tre valmedarbeidarar tilstades på Hosteland og dette fungerte godt. Det var godt oppmøte – omtrent som tidlegare år.

Førehandsrøysting ved butikkane

Fredag 8.sept var det høve til å førehandsrøyste på/ved butikkane på Kvingo, Haugsvær og Hosteland

i tidsrommet 12:00 – 18:00. Det var stort oppmøte både på Haugsvær og Hosteland, mens fram møte på Kvingo var noko mindre enn tidlegare år. Det var to valmedarbeidarar tilstades på Haugsvær og Kvingo, mens det var tre valmedarbeidarar og to stemmeavlukker på Hosteland. At det er fleire personar tilstades og meir materiell på Hosteland gjorde at det gjekk betre å gjennomføre førehandsrøystinga i år enn tidlegare år.

Det var utfordrande å finne nok valmedarbeidarar til denne dagen. I tillegg til dei som er valmedarbeidarar på / ved butikkane denne dagen, måtte det og vere to valmedarbeidarar på kommunehuset. Viss bemanninga på kommunehuset vert oppretthalde på det nivået det er på no, må ein tenke nytt når det gjeld førehandsrøystingopplegget siste fredag før valdagen ved neste val.

Sidan me har elektronisk avkryssing i manntalet er me avhengig av godt nettverk for at slike førehandsrøystestader skal fungere. Tidleg i år gav valdirektoratet ut ein rettleiar for bruk av elektronisk utstyr knytt til valgjennomføringa der dei ikkje anbefalte at valpc-ar vart knytt til privat eller mobilt nettverk når ein nytta det elektroniske valgjennomføringsløysinga EVA. IKTNH løyste dette med å utstyre oss med mobil ruter når me ikkje kunne vere på kommunalt nett. Dette utstyret fungerte fint. Ulempa var at me ikkje kunne ta i mot røyster rett i urne utafør vallokalet slik me har gjort ved tidlegare val.

Lokala me nytta dette året er dei same som vart nytta både i 2019 og 2021. Lokalet på Kvingo er ikkje optimalt då der er terksel for å kome inn og døra virkar for smal til dei breiaste rullestolane. Tidlegare år har ein gjeve tilbod om å ta mot røysta(ene) (til dei som ikkje kan eller ønskjer å kome inn) utafør lokalet. Dette har til no vore godt mottatt og dei personane som har fått tilbod om dette har vore særns nøgde. Dette var og ei løysing som var mykje nytta under stortingsvalet 2021 då me av smitteomsyn ikkje ville at personar i karantene ikkje skulle kome inn i vallokala.

I år fekk me tydeleg munnleg tilbakemelding på at dette røystelokalet ikkje var godt nok lenge før valmedarbeidarane kom i posisjon til å tilby å ta i mot røystesetlane utafør lokalet. Det vart likevel takk ja av veljaren til å avgje si røyst utafør lokalet, og valmedarbeidarane informerte om korleis det skulle gjerast slik det vert gjort for kvar einskild veljar. Veljaren fekk vere åleine med alle røystesetlane for å finne fram dei røystesetlane hen ville bruke. Dette var ein fin, varm dag og veljaren kunne ta den tida hen trengte og å flytte seg bort frå døropninga viss hen ønskte det. Då valmedarbeidarane fekk melding om at no var alt klart, oppdaga dei at setlane var bretta på midten og ikkje langs brettekantane slik det vart forklart at det skulle gjerast. Våre rutiner er at når dette skjer, tar me røystesetlane og brettar dei rett, før dei får stempel. Sidan me ikkje kunne ta med pc ut, måtte me ta i mot røystegjevinga i konvolutt på same måte som me gjer på ambulerande røysting. Rutina då er at så sant veljar er stand til det, puttar dei røystesetlane i konvolutt sjølv. I dette tilfelle var det valmedarbeidar som putta røystesetlane i konvolutt samstundes som det vart forklart kva som vart gjort. Det vart og tydeleg vist at namnet til veljar var skrive å valkortet og at dette var synleg i konvoluttvindauge slik at røystegjevinga kunne registrerast på eit seinare tidspunkt. Veljar uttalte seg positiv til måten det vart gjort på, men sendt dagen etter ei skriftleg klage (sjå vedlegg).

Dette lokalet har vore tenleg som førehandsrøysting for veldig mange veljarar i mange år og rådmannen er innstilt på å nytte dette lokalet og dei neste åra. Det har i ettertid vore dialog med eigar av butikken og kommunen har fått opplyst at døra til vallokalet er heilt lik døra til toaletta. Rullestolbrukarar kan fint bruke toaletta. Dei opplyste og om at dei har rampe tilgjengeleg og at det er berre å spørje om dei kan legge den fram på førehandsrøystedagen.

Rådmannen meiner at trass i at døra er brei nok og at det kan leggest fram rampe , bør det gå klarare fram i valstyret sitt vedtak om opplegg for førehandsrøysting at dette lokalet kan vere vanskeleg tilgjengeleg pga dørterskel og det må oppmodast om å nytte førehandsrøystingslokale på kommunehuset eller be om ambulerande røysting. Det må og jobbast med rutiner for å ta i mot røyster utafør røystelokalet før neste val både for førehandsrøysting og på valting slik at flest mogleg

av innbyggjarane våre på putte røystesetlane rett i urne.

Ambulerande røystring

Ambulerande røystring vart tilbode i veke 35 og 36. Det var under 10 personar som nytta seg av tilbodet om å røyste heime. Sjølv om det var få personar som ba om ambulerande røystring, var det utfordrande å finne tid til å gjennomføre desse i arbeidstida. I eitt tilfelle ringde veljarar og «avbestilte» ambulerande med den grunngjeving at dei no hadde fått transport til eit av førehandsrøystelokala.

Førehandsrøystring på institusjon

Den lovpålagte førehandsrøystringa på institusjon vart gjennomført 5.sept 10:00 -12:00. Førehandsrøystringa på sjukeheimen er nytta både av pasientar, pårørande og personalet. Ein del av dei som skal røyste her, treng litt større plass og litt meir hjelp enn den gjennomsnittlege veljar. Det er difor viktig at ein nyttar eit lokale der det er stor nok golvplass og eigna bord både til røystekassetten og valurna. Det rommet med brukte i fjor, vart opptatt som pasientrom kvelden før førehandsrøystringa så me var i kantina. Dette er ikkje eit ideelt lokale men heilt greitt slik situasjonen vart.

Valting

Valting vart gjennomført som vedteke i valstyret som sak 004/2023.

Røystestyrene – inkludert vara- som vart oppnemnd i valstyret som sak 009/2023 møtte fulltallige. Det var ikkje rom for å gje røystestyrene opplæring i forkant av valdagen, men det var ein valmedarbeidar til stades på kvart valting i forkant av opninga for å svare på spørsmål og sjekke at alle kom greitt inn i EVA (elektronisk valgjennomføringsverkstøy). Det vart meldt tilbake etter valtinga at det gjekk greitt på valdagen, men at ein gjerne kunne ha fått meir tid og rom til å førebue seg og å stille spørsmål til valmedarbeidarane.

På valtinget er det elektronisk avkryssing i manntalet. Etter pålegg frå IKT-NH kunne ikkje valpc-ane koplast til trådlous skrivar. Me utplasserte bordskrivar til alle valtinga i fjor, men ingen brukte han. I år vart det difor planlagt at Valtinga skulle skrive møteboka si på papir. Det er ikkje ideelt, men det fungerer.

Konklusjon

Ein må finne eit nytt og tenleg førehandsrøystingslokalet på kommunehuset i god tid før neste val.

Valmedarbeidarane på kommunehuset må få pakke valmaterieell til førehandsrøystringa utan avbrot.

Vallokalet på Kvingo kan vere vanskeleg tilgjengeleg pga dørterkskel og det må oppmodast om å nytte førehandslokalet på kommunehuset eller be om ambulerande røystring viss ein ikkje ønsker å avgje stemme utafør vallokalet.

Det bør utarbeidast rutiner for mottak av røyster utafør røystelokala slik at flest mogeleg av innbyggjarane våre får putte røystesetlane rett i urne.

Fra: Øyvind Kvinge <kvingeoyvind717@gmail.com>

Sendt: mandag 11. september 2023 12:54

Til: Post Masfjorden kommune <Post@masfjorden.kommune.no>

Emne: TIL ORDFØREREN I MASFJORDEN OG FYLKESSORDFØREREN I VESTLAND FYLKE. ANG. VALG

Forhåndsvalget på kvingo var i strid med lov om valg pg.8-1,4 Om stemmelokal og hemmelig valg. Det var med stor undring jeg så at stemmelokalet ikke var tilrettelagt for rullestolbrukere. Det var umulig for meg og komme inn i lokalene med rullestolen min. Driftige funksjonærer improviserte et slags gatevalg. Jeg fikk utlevert en masse valglister i hånden min og det var bare for meg å buksere sedlene rundt i luften for å finne de rette. Opprinnnet trekte nysgjerrige tilskuere til dette gatevalget Alle kunne se listene jeg trakk ut og brettet.,men for de som ikke fikk med seg mitt valg så hjalp en funksjonær til med å nappe mine stemmesedler ut av hånden min for så å brette ut stemmesedlene med påstand at jeg hadde brettet de feil vei .Nå kunne alle se hva jeg hadde stemt . Så tok funksjonærene seg av stemmesedlene Kan dette gå an så går alt an..Her vil jeg aldri mer stemme.Jeg ber Ordføreren sende dette skriv videre til fylkessordføreren å høre Hannes ord på dette skriv
ØIVIND KVINGE SANNESTYKKE 10 MFJ.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		23/956

Saknr	Utval	Type	Dato
014/2023	Valstyret	PS	16.10.2023

Referatsak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar: